



Turstiar og turmål

I Erfjord finn du ei rekke flotte turstiar som gir fantastisk utsikt over fjordlandskapet. Her kan du ta med familien på ein rundtur Erøy-rundt eller opp for å nytte utsikta frå Kammen. Du kan også legge ut på topptur til Kleppsnuten.

Båtliv og fiske

Fjordane rundt Erfjord byr på gode fiskemogleheter. Du kan fritt fiske med stang i fjorden. Ved elvemunningane gjeld eigne reglar som du finn meir informasjon om hjå Statsforvaltaren. I Hålandselva kan du fiske etter laks og sjøaure. Informasjon om reglar for fiske og fiskekart til elva får du hjå Stavanger og Rogaland Jeger- og fiskeforbund. På Erøy og i Hålandsosen finn du gjestehamner med tilgang til straum og vatn.

Hålandstunet

Håland har alltid vore ein av hovudgardane i Erfjord. I dag er stovehuset på Håland eit av dei best møblerte og utstyrt antikvariske bygningane til Ryfylkemuseet. Målehuset på Håland er ei av dei få bevarte målestovene i Noreg.

Badeplass

Habn er Erfjord sin offentlege badeplass og eit naturleg samlingspunkt om sommaren. Området har toalett, grillplass og bord.



Hiking trails and attractions

The Erfjord area offers many excellent hiking trails that give you fantastic views across the fjord landscapes. Take the whole family on a round trip of Erøy, or up the hill to enjoy the view from Kammen. You can also hike up to Kleppsnuten peak.

Boating and fishing

The fjords in the Erfjord area offer excellent fishing opportunities. You are free to use a rod and line in the fjord, but special rules apply in the river estuaries. More information is available from the County Governor's office. You can fish for salmon and sea trout in the Hålandelva river. The Stavanger and Rogaland Hunting and Fishing Association can provide you with information about the fishing regulations and how to obtain a river fishing licence. At Erøy and Hålandsosen there are guest moorings with access to electricity and fresh water.



Småbåthamn Erøy. © Skattkammeret Suldal. Foto: Lise Bjelland.

Bogsfjorden. © Skattkammeret Suldal. Foto: Rune Roalkvam.



Hålandstunet. © Ryfylkemuseet. Foto: Jarle Lund/Suldal Foto.

Hålandsosen. © Skattkammeret Suldal. Foto: Lise Bjelland.



Erfjord ligg i ein arm av Boknafjorden, omkransa av Erfjorden, Bogsfjorden og Tyssefjorden finn du grenda Erfjord. Her finn du flotte turområde, Habn badestrond, lakseelv og museumstun. I sommarsesongen er Erfjord eit paradis for båtturisten og fjordentusiasten. Nasjonal turistveg Ryfylke går gjennom Erfjord via den ikoniske hengebrua, Erfjord bru.



The **Erfjord area** lies along one of the branches of Boknafjorden, surrounded by Erfjorden, Bogsfjorden and Tyssefjorden. It offers some amazing areas for hiking, a bathing beach at Habn, a salmon river and historic rural buildings. In summer, Erfjord is a paradise for boating tourists and fjord enthusiasts. The Norwegian Scenic Route Ryfylke runs through the area, crossing the fjord along the iconic Erfjord suspension bridge.



Erfjord

Fjordidyll og lakseelv
Idyllic fjord landscapes and a salmon river

